Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Herefoss

Emne: Skav | Bygdelag:

Oppskr. av: Asborg Haugenes | Gard:

(adresse): Herefoss | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. delvis

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Ola A. Gaueslå, 69 år, bonde.

SVAR

I Herefoss kallar me alt fôr
som må raskast saman i
dårlege höyår for naudfôr.
Det som blir mest nytta såleis
er skav bron og lyng.
Me lyt skava åt kyrne, når
det lid til våren og höyet
minkar.
å skava — skavar — skov — skava.
På ein gard skavar dei helst litt
kvart år endå, elles er det svært
sjeldan å höyra tale om det no.
For 20-30 år sidan var det meir
vanleg, men helst i vanskelege
år — blir nytta til naudfôr åleine]
Osp blir helst bruka til skav, og
så litt raun. Det blir bruka til
alle dyr, også delvis til hesten. Og dei
fekk det for seg sjölv. Det var
naudfôr og det blir nok lite
mjölk den tida dei måtte
til med skav.
Var det verkeleg bruk for mykje

2268

skav, så tok du på skogen
ein arend for å henta skavved,
elles kunne du ta det med seg
heim frå skogen om kvelden.
Seinare utetter kvelden var det
så til å skava skavveden.
Reiskapen du nytta var banda-
kniv og tollekniv. Bandakni-
ven var ein rett Gå med to
handtak i.
Stod du ute med skavinga, så
nytta du sagkrakken.
Bandakniven heldt du ei
hand i kvart handtak og
skov att og fram. Tollekniven
heldt du i eine handa og
skavpinnen i den andre.
Skavet skulle vera tunt og
fint, og veden som blei att
blei nytta til vanleg brenne-
ved.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING